



Statens vegvesen

Fylkesmannen i Vestland
Njøsavegen 2
6863 LEIKANGER

Behandlande eining:
Region vest

Sakshandsamar/telefon:
Marianne Skulstad / 55516253

Vår referanse:
17/94372-8

Dykkar referanse:
15/2147 - 19/21083

Vår dato:
26.08.2019

Varsel om motsegn – offentlig ettersyn av kommunedelplan Knarvik – Alversund med Alverstraumen – Lindås kommune

Vi syner til brev mottatt 02.07.2019 med offentlig ettersyn av framlegg til Kommunedelplan (KDP) for Knarvik, Alversund med Alverstraumen – Lindås kommune. Merknadsfrist er sett til 27.08.2019.

Statens vegvesen sitt ansvar i planarbeidet er først og fremst knytt til arealbruken langs riks- og fylkesveg. Vi har også ansvar for at føringar i Nasjonal transportplan (NTP), statlege planretningslinjer for samordna bustad-, areal- og transportplanlegging, vegnormalane og andre nasjonale og regionale arealpolitiske føringar vert ivaretekne i planlegginga.

Til denne planen uttalar vi oss som forvaltar av riksveg på vegne av staten, forvaltar av fylkesveg på vegne av fylkeskommunen og som statleg fagstyresmakt med sektoransvar innanfor vegtransport. Statens vegvesen er også kulturminnemyndigheit for historiske vegfar.

Statens vegvesen vurderer at planframlegget ikkje tek i vare forholdet til trafikktryggleik og framkome på vegen i stor nok grad. Vi fremjer difor motsegn til planen med bakgrunn i vår rolle som forvaltar av riksveg på vegner av staten og som statleg fagmynde med sektoransvar innanfor vegtransport. Planforslaget tek ikkje godt nok i vare det pågåande planarbeidet med ny E 39.

Vår motsegn er knytt til tre delområder:

- BN2 Hagalia
- BN3 Gjervik
- B7 Gjervik

Om planområdet

KDP Knarvik – Alversund med Alverstraumen dekker Knarvik med omland. Dette er det mest folkerike området i Nordhordland og skal vere kommunesenter for nye Alver kommune, og regionsenter for regionen. Sentralt i planområdet skal Knarvik sentrum utviklast. Fleire sentrale og viktige vegar er omfatta av planområdet, under dette E39 og fv. 57, samt fv.565 nordover mot Radøy. Planområdet er også omfatta av to regionalt viktige planarbeid med ny trasé for E39 og ny Alversund bru på fv. 565. I tillegg er planområdet omfatta av trasé for ny fv. 57 i tunell frå Knarvik retning Isdal, som enno ikkje er realisert.

Vi vil ha særleg fokus på forhold som vedkjem tryggleik og framkome på vegnettet for alle trafikantgrupper. Vi vil og ha fokus på tilkomst til områder med endra arealbruk og forholdet til overordna transportnett.

Generelle merknader til planarbeidet

Statens vegvesen meiner det er positivt at kommunen har gjort ei bustadanalyse, med vurdering av bustadbehov innanfor kvar skulekrets. Vidare ser vi det som positivt at kommunen har nytta transportbehov som eit utvalgskriterium ved vurdering av ny arealbruk, der ein ser på i kva grad tiltaket er bilbasert eller treng tilrettelegging for andre transportformer.

Vi meiner det må leggjast avgjerande vekt på trygg skuleveg der ein opnar for nye bustader.

Generelt om vegtilknytning

Statens vegvesen meiner at kommunen i konsekvensutgreiinga har lagt for lite vekt på vurdering av vegtilknytning for areala som blir endra til bygge- og anleggsformål eller utbyggingsformål i LNF- områda. Etter vår vurdering er trygg tilkomst til vegnettet avgjerande, slik at ein ikkje legg til rette for utvikling av områder som vil få særleg tyngjande rekkefølgekrav. Vi vurderer dette som ein vesentleg mangel ved planarbeidet.

Statens vegvesen har i høyringsfasen ikkje høve til å vurdere realisme i vegtilkomst for alle tiltaka langs riks- og fylkesvegnettet. Konsekvensutgreiinga gir heller ikkje tilstrekkeleg grunnlag for å vurdere konsekvenser for tilhøva på vegnettet, t.d. kryss/avkøyrse, framkome, trafikktryggleik på tilhøyrande veg. Denne usikkerheita vil difor hefte ved områda, og må avklarast i seinare handsaming etter plan- og bygningslova, eventuelt gjennom handsaming etter veglova. Ein risikerer at område avsett til dømes til bustadformål likevel ikkje kan nyttast, fordi ein ikkje finn tilkomstløyisingar som både er trafikksikre og økonomisk lønsame.

Om Alversund bru

Det har vore eit godt samarbeid mellom Statens vegvesen og Lindås kommune om ny Alversund bru på fv. 565. Ein har vurdert lokalisering, brutypar og tilknytta vegsystem, med fokus på mellom anna trafikktryggleik og framkome for alle trafikantar. Lineføring for veg og bruplassering er regulert i kommunedelplanen, og det er gjort konsekvensutgreiing av brua.

Plankrav for brua og tilhøyrande vegsystem framgår av §2.2.2.

Sjå vidare merknad under føresegner.

Uttale til arealføremål

Bustad:

I følgje planskildringa er bustadreserven 2400 bustader innanfor Knarvik og 775 bustader innanfor Alversund, medan forventa bustadprognose er høvesvis 700 og 375 bustader fram mot 2033. Dette tilseier at det ikkje er behov for nye bustadområder i denne planperioden.

Planframlegget foreslår nytt bustadområde B7 Gjervik, som ligg sør for E39 i retning Gjervik. Framlegget ligg i tilknytning til eksisterande bustadområde i Oteråsen, men utanfor definert sentrumsområde for Knarvik. Bustadområdet har ikkje tilkomst i dag, og det kan ikkje påreknast direkte tilkomst til E 39. Kommunen skriv i konsekvensutgreiinga for område B7:

«Den største konflikten er knytta til strandsona og LNF-området og utfordringa med åtkomst. (...) Utfordringa med tilkomst kan løysast ved at areala gis tilkomst via Oteråsen. Dette må vurderast nærare i detaljreguleringa.»

Etter vår vurdering er ikkje Oteråsen/Oterdalen eigna til å ta imot gjennomgangstrafikken frå eit større bustadområde, ettersom det allereie er utfordringar i området med intertrafikk og vegtrafikkstøy. Vidare er det ikkje vurdert om kryss frå E39 til Oterdalen kan handtere den auka trafikkmengda frå B7. Etter vår vurdering må det påreknast omfattande tiltak for å sikre kryss og tilkomstveggar. I tillegg ligg store delar av arealet ligg innanfor byggjegrensa til E39, og innanfor raud og gul støysone jf. våre støyvarslingskart. Arealet er også omfatta av Omsynssone E39 som skal vurdere ny trase for E 39. Statens vegvesen er difor kritisk til kommunens val om å sette området av til bustadføremål, og vi varslar motsegn mot område B7 Gjervik.

LNF spreidd bustad:

Det er lagt inn to områder med arealføremål LNF- spreidd bustad, eit område på Kvamme og eit på Indre Fosse. For kvart av områda vert det opna for 4 bueiningar. Det samla omfanget for ny arealbruk er 27 daa.

Vi meiner at i sentrale deler av kommunen bør ein ikkje nytte dette plangrepet, men heller legge til rette for mindre, regulerte bustadfelt. På den måten får ein anledning til å stille forpliktande krav om mellom anna opparbeiding av infrastruktur, tilkomst og trygg skuleveg. Arealet som er avsett til er svært stort i høve til mengde bueiningar, noko som medfører at det er uvisst kor utbygginga kjem og om alle kan knyte seg på same avkøyrsløse.

Næring:

Det er lagt inn 4 nye næringsareal i planen.

I planprosessen har Statens vegvesen hatt dialog med Lindås kommune om to av desse områda, BN2 Hagelia og BN3 Gjervik. Statens vegvesen har gitt tydelege tilbakemeldingar til Lindås kommune om desse areala, mellom anna i regionalt planforum 11.12.2018.

Vi har rådd ifrå at Lindås kommune tek desse med i framlegg til kommunedelplan, av to grunnar. Før det første ligg områda innanfor areal avsett til planlegging av ny E39 frå Flatøy til Eikefettunnelen, og vi ser det som relativt sannsynleg at tiltaka vil vere i konflikt med tiltak i den planen. Vidare vurderer vi at tilkomst til desse områda frå overordna vegnett ikkje kan løysast på ein måte som vil vere trafikksikker og/eller økonomisk lønsam for områda, jf. særleg tyngjande rekkefølgjekrav. Rett utforming av kryss og kapasitet i kryssområda er etter vår vurdering avgjerande for framkome og trafikksikkerheit. Vidare må tryggheit for mjuke trafikantar i området vektast høgt. Vi kan ikkje sjå at Lindås kommune har lagt tilstrekkeleg vekt på dette i si vurdering.

Utdrag frå referat i planforum om BN2 Hagelia:

«Når det gjeld utviding av næringsarealet Hagalia ved Hagelsund bru peiker Statens vegvesen på at kommunen her må legge vekt på trafikksikker tilkomst. Dette arealet har per i dag vanskeleg tilkomst og Lindås kommune må difor gjere ein konkret vurdering om det er kapasitet til meir trafikk både i krysset med fv. 57 og i rundkøyringa mellom E39 og fv. 57»

Utdrag frå referat om BN3 Gjervik:

«Statens Vegvesen er kritisk til nytt næringsareal på Gjervik, mellom anna fordi dette vil innebere ein ny avkøyrsløse frå E39, nær eksisterande avkøyrsløse, og det er ikkje ønskeleg. Vidare ligg næringsområdet innanfor ein av korridorane for framtidig E39, jf. planprogram for E39-prosjektet, samt at det skal planleggast gang- og sykkelveg langs E39 på denne strekninga.»

Med bakgrunn i våre tilbakemeldingar i planarbeidet, meiner vi at kommunen burde lagt fram utgreiing som viser at dette kan løysast, før områda vart teke inn i kommunedelplanen. Vi er kritisk til kommunens vurdering, og varslar motsegn mot at desse areala vert satt av til næringsformål i kommunedelplanen.

LNf spreidd næring:

Planen opnar for 7 områder avsett til landbruksbasert næring. Det er opna for fire gardsbutikkar og gardsutsal. Det er også lagt til rette for tre områder for mottak av overskotsmassar. Føresegnene opnar for etablering utan reguleringsplan for tiltak som er i samsvar med føresegnene. Vi kan ikkje sjå av planomtalen at forventa omfang for dei ulike tiltaka er vurdert, sjølv om det er opna for tiltak utan plankrav.

Vi meiner det kan vere positivt at overskotsmasser kan deponerast lokalt. Vi er likevel kritisk til at omfanget berre er vurdert etter areal og ikkje etter volum massar, noko som kunne vurdert nærare om kva tiltak som var tillate utan reguleringsplan. Vi meiner også det er svært generelt å opne gardsbutikk utan å seie noko om forventa bruk og omfang. Vi vurderer at fleire av tiltaka i denne arealkategorien kan vere såpass omfattande at det kan eller bør utløyse reguleringsplikt.

Vi viser elles til vår generelle kommentar om tilkomst og avkøyrsløse.

Tenesteyting:

Område BOP1 ved Alversund er planlagt nytta til offentleg bufellesskap for bebuarar med behov for skjerma lokalisering, med gode tilhøve for friluftsliv og fysisk aktivitet. Tiltaket er ikkje vurdert i konsekvensutgreiinga.

Det avsette arealet ligg i bandleggingssona for E39, knytt til vegarm mellom Åse/Isdal og fv. 565 ved Alversund. Førebels line for tunnel går gjennom området, og grunna terrengformen er det uklart om det er tilstrekkeleg overdekning til at ein kan tilrå bustader her. Statens vegvesen har i dialog før offentleg ettersyn rådd ifrå føremålsendringa.

I planomtalen står det: «*Føresetnad for arealendringa er at den ikkje er i konflikt med fremtidig trase mot fv. 57, dette vert avklart i kommunedelplan for ny E39 Flatøy-Eikefettunnelen.*»

Sjå vidare merknad til føresegn §3.1.6.

Uttale til føresegner

Føresegnene stiller generelt plankrav for areal avsett til bygg og anlegg med nokre unntak for mindre tiltak, og fortetting inntil to einingar for tomter som er eigna til dette.

I §2.2.2 vert det sett krav til områder som skal detaljregulerast før byggeløyve, deriblant område BN4, BS1 og SV1 i Alversund. BN4 og BS1 skal inngå i samla detaljregulering av desse to områda. Når det gjeld SV1, som er ny Alversund bru inkl. tilkomstvegar, kan detaljreguleringa vise behov for deler av arealet BS1 /BN4. Dette vil først verte klart under arbeidet med detaljreguleringsplanen. Vi ber om at Lindås kommune sikrar at føresegna vert utforma slik at Alversund bru kan regulerast utan å regulere heile område BS1 og BN4.

§2.3 Utbyggingsavtaler vert det opna for at rekkefølgjekrav kan løysast gjennom utbyggingsavtalar. Statens vegvesen er i utgangspunktet positiv til dette, men meiner det må gjerast ein vurdering i kvart enkelt høve. Etter vår vurdering bør ikkje utbyggingsavtale nyttast i dei tilfella der det er trong for tiltak for å ivareta trafikktryggleiken, og der ulukkesrisikoen vil auke fram til tiltaka i rekkefølgjekrava er ferdig bygd.

§2.5.1 og §2.9.3 seier at kommunen skal godkjenne tekniske vegteikningar. Vi ber om at dette vert endra til «rette vegmynde».

§2.5.3 er rekkefølgjekrav knytt til fv. 404. Føresegna er uklart formulert og bør tydeleggjerast. Vi ber kommunen vurdere omskriving, eventuelt å illustrere føresegna. Statens vegvesen er positiv til intensjonen om å avgrense trafikkveksten på fylkesvegen fram til ein har sikra tilhøva for dei mjuke trafikantane. Etter vår vurdering bør kommunen i tillegg ha rekkefølgjekrav som sikrar fortau også på strekningen nordover frå Kvamsvågen, i samsvar med gjeldande reguleringsplan for vegen.

Føresegna i framlegget er restriktivt, og vi oppmodar kommunen til ei konsekvent praktisering.

Vi vil samstundes gjere merksam på at fv. 404 nyleg har skifta vegnummer til fv. 5476. Dette er del av ei vegnummer-ending som gjeld heile Hordaland og Sogn og Fjordane.

§3.1.6 Tenesteyting:

«Område merka BOP1 skal vere til offentlege føremål, jf. pbl § 11-10 nr. 3.»

Generelt meiner Statens vegvesen at arealet ikkje burde vore sett av til offentlig tenesteyting no, grunna potensiell konflikt med vegtrasé, jf. vår kommentar seinare i brevet knytt til bandleggingssone for E39. Vidare meiner vi at føresegna knytt til området er for lite spesifikk, og ber om at kommunen sett føresegn som avgrensar potensielle bruksføremål, i samsvar med tiltenkt bruk.

Sjå vår merknad under arealføremål.

§ 3.4.3 LNF Spreidd bustad – Tilkomst skal vurderast av rette vegmynde.

§ 3.4.6 LNF Spreidd næring – Ved endra bruk av ei avkøyrslé, frå landbruk til spreidd næring, må det søkjast etter veglova til rett vegmynde.

Omsynssone:

§4.1.6 H570_1 Omsynssone for Den Trondhjemske postveg

Statens vegvesen er positiv til at kommunen har regulert omsynssone rundt den Trondheimske Postveg, som set krav til handsaming av tiltak innanfor sona. Etter vår vurdering er dette eit godt grep for å sikre det historiske veganlegget.

Bandleggingssone:§4.2.2 Bandleggingssone etter anna lov, jf. pbl. § 11–8 d (H710) – E39-utgreiing

Vi er positiv til at kommunen i samråd med Statens vegvesen har bandlagt områda med pågåande utgreiing om ny trase for E39, og tilhøyrande anlegg som arm til Alversund og gang- og sykkeltrase langs eksisterande E39. Dette er viktig for å sikre gode rammevilkår rundt planlegging av viktig nasjonal infrastruktur.

Statens vegvesen er negativ til at kommunen likevel opnar for arealendringar innanfor bandleggingssona, med føresegn om at dette ikkje vert gjeldande dersom området vert råka av endeleg trase, jf. siste avsnitt i §4.2.2:

«Arealendringar innanfor omsynssona trer ikkje i kraft før bandlegginga er oppheva. Areal som vert del av vedtatt trasé vert bandlagt som del av påfølgjande reguleringsplan.»

Endring av arealføremål gir eit signal om at ein kan pårekne ein annan arealbruk og utnytting av området, og ei forventning om ny bruk. Dette kan og bidra til å auke verdien på arealet, og dermed gi auka kostnader for vegprosjektet. Vi ber difor om at desse areala vert teke ut av kommunedelplanen, og vurdert på nytt i seinare rulleringar.

I dialog før offentleg ettersyn bad vi om at kommunen avgrensa høve til å gjennomføre tiltak etter eldre reguleringsplanar enn 10 år, innanfor bandleggingssona. Etter vårt syn er det uheldig at dette ikkje er teke omsyn til i føresegnene. Vi minner likevel om at kommunen har plikt til å vurdere om nye tiltak etter eldre reguleringsplanar er i samsvar med dagens krav.

Merknad til plankart

Statens vegvesen er positiv til at kommunen har markert raud-prikka liner for framtidig gang- og sykkeltrasé langs E39 og fv. 57 på Alverflaten. Linene er lite leseleg i plankartet, og bør synleggjerast betre.

Oppsummert

Statens vegvesen har fleire merknader til framlegg for ny KDP Knarvik – Alversund med Alverstraumen 2019 – 2031.

Europavegen er ein viktig premissleverandør for vidare utvikling av Knarvik med omland. Vi meiner det nye framlegget ikkje tek tilstrekkeleg omsyn til det pågåande planarbeidet for ny E39. Det er forventa at ein både skal finne rom til ny trasé for E39, samt at det er forventa at gang- og sykkeltilbodet for europavegen skal liggje langs dagens trasé.

Vi fremjar motsegn til tre konkrete områder som legg til rette for ny arealbruk, BN2, BN3 og B7. Motsegna har bakgrunn i det pågåande planarbeidet for ny E39, samt i trafikktryggleik og framkome på europavegen. Vi meiner det er uheldig å legge til rette for ny arealbruk i områder som er under planlegging. Vidare meiner vi at plangrepet Lindås kommune har valt med at arealendringa ikkje trer i kraft før ny trase for E39 er valt, ikkje er tilstrekkeleg for å ta i vare våre interesser. Motsegnspunkta er og basert på manglande vurdering og løysing av tilkomst til overordna vegnett. Det er ikkje pårekeleg med å opne for nye kryssområder langs denne delen av E39, samt at det vert svært kostnadskrevjande å etablere tilkomst via eksisterande kryss.

Vi har ein særleg merknad til byggjeområde BOP1 Alversund.

Plan og forvaltning Bergen
Med helsing

Tone Oppedal
fung. regionvegsjef

Grethe Vikane
avdelingsdirektør

Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.

Kopi
Hordaland fylkeskommune, Postboks 7900, 5020 BERGEN
Lindås kommune, Kvernhusmyrane 20, 5914 ISDALSTØ
Lindås kommune, Kvernhusmyrane 20, 5914 ISDALSTØ